

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	29	Fylke:	Hordaland
Tilleggsspørsmål nr.		Herad:	Austevoll
Emne:	Julenissen	Bygdelag:	Stolmen
Oppskr. av:	Johan Tufteland	Gard:	Gåsnes
(adresse):	Stolmen	G.nr.	18 Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Julenissen har vore kjend her dei siste femti åra. Først var han på dei vanlege julefestane for heile øya. Einkvan kledde seg ut og kom med ei kipe full av matpakkar og delte ut til alle ungane. Like lenge har han og vore kjend gjennom julekort o. likn.

2. Julegåvene legg folk helst under juletreet. Julenissen har gjerne berre nokre få ting med seg når han kjem inn i ein heim. Han skal helst vera noko for augo, bera seg løye åt på einkvan måten, og ofte endar det med at han skræmer dei minste ungane så dei set i å skrika. Ofte går julenissen berre for å få gåver. Det er då to-tre gutungar som kler seg ut og går frå hus til hus.

3. Stundo er det far eller mor i huset som kler seg ut som julenisse. Han kjem då med julegåvene i ei korg eller i ein sekk. Han seier at han kjem frå eit skjer ute i sjøen. På Møkster heitte det Terneskjeret. Der budde julenissen heile året, han kom til gards berre kvar jul.

4. Julenissen skal ha maske med kvitt skjegg, sid frakke, tresko og topphuve.

5. Ofte nyttar dei kjøpemasker, men sume er flinke til å teikna masker.

6. Julebukkane har ein sokk el. likn. ned over hovedet. Dei kan og ha følt tilspjåka masker, men då kallar dei det julegeit. Ei slik maske fann dei på rak nörd i Sund ut på vinteren. Dei tykte ho var fæl å sjå på. Ho hadde kome frå Møkster.

7. Julebukkane har ikkje gåver.

8. Den nye julenissen har heller lite å gjera med den gamle. Det kan nett vera i det ytre, skjegget, treskorne og topphuva, men elles er han noko sjølvstendig nytt. Namnet "nissegudrengen" har vore nytta her som nemning på den gamle nissen. Det var han som heldt seg i fjøset, i utefloren eller ein sjeldan gong i skøyta nede på vågen.